

Samfunnstryggleik og beredskap

Samfunnstryggleik er evna samfunnet har til å verna seg mot og handtera hendingar som truar grunnleggjande verdiar og funksjonar og som set liv og helse i fare.

Førebygging er vår viktigaste oppgåve når det gjeld hendingar som truar sentrale samfunnsinstitusjonar, vår felles tryggleik eller tryggleikskjensla til den enkelte. Godt samfunnstryggleiksarbeid stiller store krav til samordning på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, og eit godt samarbeid med private og frivillige aktørar.

Kunnskapsgrunnlag – Samandrag

Våre sterke sider no

- Overordna beredskapsplan og ROS-analyse
- Mange temaspesifikke beredskapsplanar er på plass/oppdatert
- Ny brannordning med heiltidsleiing og andre fordelar
- God beredskapskunnskap i kommunen (eigenberedskap, overleving, fjellredning, kriseleiing), oversikt over fagfolk, dugnadsånd/hjelpsame
- Naudkommunikasjonsutstyr - satelittelefonar (Finse, Osa, Brakanes), sms- og lokasjonsvarsling
- Naudetatar – i Ulvik brannvern har alle akutthjelpar-kompetanse, nokon har høg kompetanse
- Kriseutstyr og -bygningar - innbyggjarar har vedfyring og parafin-/bensindrevne kokeapparat, medisin- og smittevernlager, tilgang på beredskapsbåt- og vogn, mottaks-/overnattingsstadar, utstyr privat tilfluktsrom
- Statistikk 2016-2022:
 - Ingen akutt forureining eller uhell med farleg stoff utan utslepp.

Våre svake sider no

- Nokre temaspesifikke beredskapsplanar manglar/er utdatert
- Me må ha ei tydelegare beredskapsorganisering i einingane
- Få personar med fagkunnskap innan beredskap, sjøredning, smittevern, helsesjukepleie, helsefagleg Finse, osb.
- Lite mobildekning i delar av kommunen, t.d. høgfjellet
- Brannstasjon er ikkje godkjent i forhold til krav om forsvarleg arbeidsmiljø (ny brannstasjon under planlegging)
- Rasfare og bygningar m.m. i skredfasesoner – især i/ved Osa, Tveito, brua over Kariteigelva, og delar av strekninga Vambheim - Øyvindstod/Røykjanes – og reparasjonstid veg
- Naudetatar m.m. – vêravhengig luftambulanse, dårleg tilgang til fjellet, lite til stades regionale politikorps. Lokalt brannvesen kan dekkja visse politifunksjonar i nokre naudtilfelle.
- Statistikk 2016-2022:

- Responstid frå henvending i Akuttmedisinsk kommunikasjonsentral (AMK) til ambulanse er framme på adresse ligg over den rettleiande responstida. Ny prehospital plan under arbeid.
- Ein kvart av oppdraga til brannvesenet gjaldt ulukker/helse - og med noko høgare responstid enn responstida for landet (Av oppdrag som ikkje gjeld falsk alarm, er halvparten helseoppdrag.)

Moglegheiter - Viktige eksterne forhold som me ynskjer å utnytta i framtida

- Regionale aktørar sit på kunnskap og utstyr - beredskap, sjøredning, smittevern, helsesjukepleie, helsefagleg Finse, osb. Dette kan t.d. vera nyttig knytt til fråvær.
- Statsforvaltar har ei lovfesta koordineringsrolle og denne skal styrkast (ref. NOU 2023:17 Nå er det alvor)
- Samla relevante naud- og beredskapsaktørar i tilrådd beredskapsråd
- Helse Bergen utarbeider ny prehospital plan med m.a. lokalisering og responstider for ambulanse

Utfordringar - Viktige eksterne forhold/truslar i omgjevnadane i framtida

- Moglege hendingar med høg risiko (ROS-analyse)
Især ulukke på høgfjellet, men også beredskap på Finse, mangel på legemiddel og smittevernutstyr, pandemi og IT-system er døme på moglege hendingar med høg risiko. Skred kan utgjera ei fare for menneskeliv, bygningar, infrastruktur og eit endra klima vil gje fleire skred.
- Klimaendringar – auke i ekstrem nedbør som kan føra til auka fare for jord- flom- og sørpeskred og problem med overvatn, havnivåstigning og stormflod, fleire og større regnflaumar
- Økonomiske, sosiale, miljømessige katastrofar
- Tryggleikspolitisk situasjon – forsyningsvanskar, digitale truslar osb.
- Sentralisering av naudetatar (politi, ambulanse)

Sjå også sterke og svake sider, moglegheiter og utfordringar knytt til kunnskapsgrunnlaget for digital transformasjon i kapittel 9.

Kjelder

Oversikt over er basert på SWOT-analysar som me har utarbeidd med utgangspunkt i kjeldene under og lokalkunnskap.

1	Beredskapsplanar m.m.	Lokale og eksterne planar
2	Heilskapleg ROS for Ulvik herad (vedtakast vinter 2024)	Lokal plan
3	NVE 5/2018 Skredfarekartlegging i Eidfjord, Ulvik og Granvin kommuner	Regional rapport
4	Statistikk - Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Statistikk
5	Statistikk - Helse Bergen - Ambulanseseksjon Sentrum-Øst	Statistikk
6	NOU 2023:17 Nå er det alvor	Nasjonal utredning
7	Fremtidens brann- og redningsvesen (dsb.no)	Nasjonal utredning
8	Berekraftsmåla til FN	Internasjonal plan
9	Kunnskapsgrunnlag for digital transformasjon	Lokal plan

Me har også sett på Nasjonale forventningar til regional planlegging, Utviklingsplan for Vestland fylke og statlege retningsliner. Desse inneheld beredskapsfaktorar som me dekkjer i SWOT-analysene knytt til klima og landbruk.

Kunnskapsgrunnlag – Heile analysen

Under kan du lesa heile kunnskapsgrunnlaget. Det eksisterer av ein SWOT-analyse per kjelde nemnt over. Viktige/kritiske moglegheiter og utfordringar er merka med rosa.

1. Beredskapsplanar m.m.

Våre sterke sider no

Risiko- og sårbarheitsanalyse

Overordna beredskapsplan

med vedlegg:

Kommunikasjonsplan for kommunal kriseleiing

Ressurslister

Rodeinndeling

Opplæringsplan for kommunal beredskap

Andre temaspesifikke planar etter særlover

[Plan for kommunal atomberedskap Ulvik herad \(2022\)](#)

Helse- og sosial beredskap, smittevern:

[Plan for helsemessig og sosial beredskap \(2018\)](#)

[Smittevernplan \(2023\), inkl. beredskapssituasjon / epidemi](#)

Barnehage og skule:

Handlingsplan ved alvorlege ulukker og dødsfall i Ulvik Barnehage (2012)

Beredskapsplan for alvorlege hendingar for Brakanes skule (manglar ein del tiltakskort)

Handlingsplan ved vald og seksuelle overgrep

Alarmplan i bassenget

Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø (Opplæringslova §9a-4,5)

Brann og kommunalteknikk:

[Plan for brannførebyggjande arbeid \(2021\)](#)

[Ulvik vassverk. Driftsplan og internkontroll \(2022\), pkt 2.7 kritiske punkt](#)

Beredskapsplan for vatn og avlaup (2016)

ROS-analyse for vatn og avlaup (2016)

Rolle ovanfor andre samfunnstryggleiksaktørar

«Opplæringsplan beredskap for Ulvik herad, 2023-2027»;

Tilrettelegging for samarbeid og pådrivarrolle ovanfor:

- politi
- Statens vegvesen
- forsvaret
- sivilforsvaret

- frivillige organisasjonar
- fylkeskommune
- energi- og nettselskap
- leverandørar av tenester innan telekommunikasjon
- daglegvare
- drivstoff
- transporttenester mfl.

Våre svake sider no

Andre temaspesifikke planar etter særlover - utdatert/ikkje på plass:

Helse- og sosial beredskap, smittevern:

Prosedyre for psykososialt kriseteam (planlagt ferdig i februar 2024)

Plan for psykisk helseteneste (under arbeid)

Brann og kommunalteknikk:

Beredskapsplan mot akutt forurensning (2012) - IUA Bergen region skal oppdatera denne med kommunane i 2024

Andre:

Beredskapsplan for IKT (under arbeid)

Anna

Har planlagt å ha årlege møte med Beredskapsrådet. Beredskapsrådet består av:

- Ulvik kyrkjelydskontor
- politiet
- brann og redning
- sivilforsvaret
- forsvaret/Heimevernet
- næringsliv inkl. straumleverandørar
- lokale frivillige organisasjonar som Ulvik Raude kross hjelpekorps, Finse Raude kross Hjelpekorps, bygdekvinnelaget
- BaneNor
- Finse 1222
- Statsforvaltar
- Eidfjord kommune

Moglegheiter - Eksterne forhold som me ynskjer å utnytta i framtida

Ingen kommentarar

Utfordringar - Eksterne forhold/truslar i omgjevnadane i framtida

Ingen kommentarar

2. Heilskapleg ROS for Ulvik herad

Våre sterke sider no

Kunnskap og erfaring:

God kunnskap om **eigenberedskap, overleving** i naturen og værforhold hjå folk flest, sjølvhjelpne

God kunnskap om **fjellredning** i lokale og regionale hjelpekorps

Fagfolk i bygda - Me har oversikt over ressursane våre (oversiktleg samfunn)

God kunnskap og erfaring med **operativ kriseleiing** - gjennom operativ beredskapssituasjon/koronapandemi i fleire år

Haldningar:

God **dugnadsånd**

Naboar er flinke til å **hjelpa kvarandre** - folk trør til når det er behov for det

Naudkommunikasjonsutstyr:

Sms-varsling til innbyggjarane + **lokasjonsvarsling** (til folk som oppheld seg i kommunen)

Satelitttelefonar på Finse, Osa og Brakanes (pluss ny **antenne**) for å styrka kommunikasjonssituasjon

Anna utstyr og bygningar:

Mange innbyggjarar har tilgang på **vedfyring** og parafin-/bensindrevne **kokeapparat**

Lager av medisin og smittevernutstyr

Tilgang på bemanna **beredskapsbåt** frå produksjonsskulen (+ har eigen open båt i brannvernet og Ulvik RKH fekk redningsbåt i 2021)

Utstyr til privat **tilfluktsrom** på Brakanes skule

Hotell og konferansesenter i Ulvik samt fjellhytte og skulehus på Finse kan vera

evakuering og pårørende senter ved større ulykker

BaneNOR har **beredskapsvogn** stasjonert på Voss og vil kunne bistå ved krise på høgjellet

Tilgang på **lokalt utstyr** frå entreprenørar og bønder

Våre svake sider no

Kunnskap og erfaring:

Få i kommuneorganisasjonen har **kunnskap** om kommunal kriseleiing

Lite utbygd **sjøredning** i hjelpekorpsa i regionen

Finse har lang **responstid legevakt** - men hjelpekorps er til stades deler av året

Sårbar for **fråvær i sentrale helsestillingar** (smittevernoverlege, leiande helsesjukepleiar, sjukepleier, mfl.)

Kommunikasjon:

Lite **mobildekning** i delar av kommunen, t.d. Høgjellet (Telenor byggjar ut 5G på Finse inkl. Rallarvegen våren 2024)

Infrastruktur og ytre fare:

Dårleg utbygd **infrastruktur** og **tilgang på fjellet** - Deler av fjellet er lite tilgjengeleg for redningsarbeid - det vil ta nokre timar å rekke fram til ulukkestad.

Rasfare - Delar av kommunen er utsett for ras, m.a. ras over vegar - reparasjon kan ta tid

Naudetatar:

Ambulanse - lang responstid. I Ulvik Brannvern har alle akutthjelpar-kompetanse, og nokon har høg kompetanse.

Luftambulanse - vêravhengig

Regional **politikorps** – **lite til stades/synleg** i heradet. Brannvesenet kan dekkja visse politifunksjonar ved naudtilfelle

Moglegheiter - Eksterne forhold som me ynskjer å utnytta i framtida

Kunnskap og utstyr:

Regionale aktørar sit på kunnskap og utstyr - beredskap, sjøredning, smittevern, helsesjukepleie, helsefagleg Finse, osv. Dette kan t.d. vera nyttig knytt til fråvær.

Statsforvaltar har ei lovfesta **koordineringsrolle** og denne skal styrkast (ref. NOU 2023:17 Nå er det alvor)

Utfordringar - Eksterne forhold/truslar i omgjevnadane i framtida

Moglege hendingar med høg risiko (henta frå heilskapleg ROS og adressert der)

(ulukke i høgjellet, ras, beredskap Finse, mangel på legemiddel og smittevernutstyr, pandemi, IT-system, livstruande vald, sensitive opplysningar, ekstremvêr, togulukke, vald og drapstruslar mot tilsette, bølge av sjølv-mord, sakna personar, overgrep, terror/trusselsituasjon)

3. NVE 5/2018 Skredfarekartlegging i Eidfjord, Ulvik og Granvin kommuner og lokal kunnskap

Våre sterke sider no

God rassikring på fylkesveg 5374 til Osa

Torgilsberg tunnelen på fylkesveg 572 i nærleiken av Bruravik

Våre svake sider no

Fare for ulike skredtypar:

Osa: snø-, stein- og flomskred

Tveito: særleg stein-, jord- og flomskred

Ulvik (Vambeim - Øydvinstod/Røykjanes): særleg jord- og flomskred

Brua over Kariteigelva: særleg sørpe- og snøskred, men også andre typar; Elva er svært masseførande og kan gje flaumskred

Bygningar i skredfaresoner:

Bygningar på Tveito

Mesteparten av bygningane i Osa

Ein del bygningar på strekninga Vambheim-Øyvindstod/Røykjanes

Kart over faresoner er utarbeidd i 2018

Me kjenner ikkje til at innbyggjarar har utført flathogst eller anna uttak av skog etter 2018 som kan ha påverka faresonene.

Klimaendringar kan m.a. ha tyding for haldbarheita til skredfareutgreiingar, jf. pkt. 8 i

[NVE - Hvordan utføre en skredfareutredning. Fase 2: Utføre oppdrag. Punkt 8](#)

Moglegheiter - Eksterne forhold som me ynskjer å utnytta i framtida


Ingen kommentarar

Utfordringar - Eksterne forhold/truslar i omgjevnadane i framtida

Skred kan utgjera ei fare for **menneskeliv, bygningar, infrastruktur**



Eit **endra klima** vil gje fleire skred, men om omfanget av dei største skreda vert større, er vanskeleg å slå fast (jf. GEOEXTREME-prosjektet til NVE).


Faresonekart Osa



Kjelde: [NVE 5/2018](#) . Sjå 4.4.5 i dokumentet for skredfarevurderingsinformasjon.


Faresonekart Vambheim – Øyvindsto/Røykjanes






Kjelde: [NVE 5/2018](#) . Sjå 4.5.5 i dokumentet for skredfarevurderingsinformasjon.

Faresonekart Tveito



Kjelde: [NVE 5/2018](#) . Sjå 4.6.5 i dokumentet for skredfarevurderingsinformasjon.

Faresonekart Brua over Kariteigelva



Kjelde: [NVE Faresoner](#)

4. Statistikk - Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

Våre sterke sider no

Ulvik brannvern har akutthjelpar-kompetanse

Akutt forureining 2016-2022:

Ingen akutt forureining av land, luft, sjø (kun 2 ubetydeleg forureining)
Ingen uhell med farleg stoff utan utslepp

Våre svake sider no

Brannvesenet 2016-2023:

Over ein kvart av oppdragane til brannvesenet gjaldt **ulukker/helse:**

ulukker (28 prosent), m.a. helseoppdrag, trafikkulukker
brann (20 prosent)
andre typar oppdrag (5 prosent)
unødig/falsk alarm (47 prosent)

dvs. at av oppdrag som ikkje gjeld falsk alarm er halvparten helseoppdrag.

Ulvik har **ein del høgare responstid for ulukker** samanlikna med tal for landet
(Me må vera versam med å tolka tala sidan Ulvik har relativt få oppdrag.)
For dei andre oppdragstypane ligg responstida på omtrent same nivå.


Moglegheiter - Eksterne forhold som me ynskjer å utnytta i framtida

Ingen kommentarar

Utfordringar - Eksterne forhold/truslar i omgjevnadane i framtida

Ingen kommentarar

Tall oppdrag brannvesenet, etter overordna oppdragstype. Ulvik herad. 2016-2023




Kjelde: [Brannstatistikk](#)

Tall oppdrag og responstid brannvesenet, etter overordna oppdragstype. Ulvik herad. 2016-2023

Overordnet oppdragstype	Antall oppdrag	Nasjonalt antall oppdrag	Prosent	Nasjonalt prosent	Responstid (Median)	Nasjonalt responstid (Median)
unødige og falske utrykninger	59	410 706	45,7%	56,2%	00:07:38	00:07:59
ulykke	36	117 592	27,9%	16,1%	00:16:55	00:12:08
brann	26	111 345	20,2%	15,2%	00:12:18	00:10:59
andre typer oppdrag	8	90 702	6,2%	12,4%	00:23:12	00:13:13
Totalt	129	730 345	100%	100%		

Kjelde: [Brannstatistikk](#)

Tall oppdrag og responstid brannvesenet, etter oppdragstype. Ulvik herad. 2016-2023



Kjelde: [Brannstatistikk](#)

5. Statistikk - Helse Bergen - Ambulanseseksjon Sentrum-Øst

Våre sterke sider no

Ingen kommentarar

Våre svake sider no

Ingen kommentarar

Moglegheiter - Eksterne forhold som me ynskjer å utnytta i framtida

Ingen kommentarar

Utfordringar - Eksterne forhold/truslar i omgjevnadane i framtida

Responstid frå henvending i Akutt Medisinsk Kommunikasjons-sentral til ambulanse er fremme på adresse ligg over den rettleiande respontida. (Men Helse Bergen jobbar med ny prehospital plan.)

Tal per 2023*:

Akutt / raud respons - median: 31,2 min

Hastar / gul respons - median: 45,3 min

Median for begge kategoriar har likevel gått ned frå 2020-2022, især gul repons (sjå statistikk under).

(*Tala omfattar både 113-henvendingar, ambulansetinging og henvendingar via legevakt. Normalt reknast reponstid kun ved 113-henvendingar, og dei pleier vera noko kortare. Sjølv om andre ressursar, til dømes legebil eller akutthjelpar kjem først fram, vert responstid rekna ut frå når ambulansen kjem fram til pasientane.

(113-henvendingar):

Dei rettleiande responstidene ved akuttoppdrag er:

- I byar og tettstadar skal ambulansen vere framme på hendingstaden innan 12 minutt i 90 prosent av hendingane.
- I spreidtbygde strøk skal ambulansen vere framme innan 25 minutt i 90 prosent av hendingane.

[Kjelde: Framtidas akuttmedisinske tilbod - Helse Bergen \(helse-bergen.no\)](https://helse-bergen.no)

Responstid frå henvending i AMK-sentral til ambulanse er fremme på adresse

		2020	2021	2022	2023
Akutt / raud respons	Median	33,2	31,3	30,6	31,2
Hastar / gul respons	Median	58,8	47,8	47,6	45,3

Kjelde: Helse Bergen, Ambulanseseksjon Sentrum-Øst

6. [NOU 2023:17 Nå er det alvor](#)

Våre sterke sider no

Ingen kommentarar

Våre svake sider no

Tverrsektorielt samarbeid

Beredskapsråd har ikkje vore operativ

Moglegheiter - Eksterne forhold som me ynskjer å utnytta i framtida

Teknologisk utvikling gir nye moglegheiter for å **løysa** oppgåver, t.d. samhandling mellom naud- og beredskapsaktørar. (2.2.7)

Endringar i m.a. **befolkningsutvikling og alderssamansetning** påverkar korleis naudetatane og redningstenesta løyser oppgåver. (2.2.2, 2.2.7)

Samla relevante naud- og beredskapsaktørar i tilrådd **beredskapsråd**

Utfordringar - Eksterne forhold/truslar i omgjevnadane i framtida

Digitale truslar, feil- og desinformasjon, forsyningssvikt m.m. (2.2.1)

Klimaendringane aukar sannsyn for fleire og meir alvorlege naturhendingar (2.2.2, 2.2.7)

Den sikkerheitspolitiske utviklinga påverkar **utfordringsbiletet** til naudetatane og redningstenesta (2.2.7)

Dei **teknologiske endringane** skjer raskt og skapar betydelege sikkerheits- og beredskapsutfordringar (2.2.9)

Spent **sikkerheitspolitisk situasjon** i Europa (2.2.10)

Global oppvarming m.m. fører til behov for eit grønt skifte (2.2.10))

7. [Fremtidens brann- og redningsvesen \(dsb.no\)](https://www.dsb.no)

Våre sterke sider no

Ny brannordning med heltidsleiing og andre fordelar

Våre svake sider no

Brannstasjon er ikkje godkjent i forhold til krav om forsvarleg arbeidsmiljø (ny brannstasjon under planlegging)

Moglegheiter - Eksterne forhold som me ynskjer å utnytta i framtida

Ingen kommentarar

Utfordringar - Eksterne forhold/truslar i omgjevnadane i framtida

Ingen kommentarar

8. Berekraftsmåla til FN

Våre sterke sider no

Me deltek i "**Eigenberedskapsveke**" i regi av DSB årleg (berekraftsmål 13.3)

Våre svake sider no

Ingen kommentarar

Moglegheiter - Eksterne forhold som me ynskjer å utnytta i framtida

Ingen kommentarar

Utfordringar - Eksterne forhold/truslar i omgjevnadane i framtida

Klimarelaterte farar (m.a. klimagassutslepp) og økonomiske, sosiale, miljømessige **katastrofar** (berekraftsmål 1.5, 13.1, 13.2, 13.3)

9. Kunnskapsgrunnlag for digital transformasjon

Samandrag i kunnskapsgrunnlaget

Våre sterke sider no

Oversiktleg kommune

Samarbeid om IKT-løysingar med Kvam og Eidfjord og mellom avdelingar

Brukar mange (**nasjonale**) **digitale løysningar** innan ulike tenestområde.

(Kan ha fordelar som effektivisering, forenkling av rutinar, auka kvalitet for eksterne brukarar, nettbasert sjølvbetening, betre samhandling med andre verksemd, lågutslepp.)

Office 365, Websak i skyen - god tilgang, men risiko datakontroll

20%-stilling **velferdsteknologi**

Drahjelp – IKT-medlemskap (Fiks folkeregister, Fiks-plattform, SvarUt osv.) og nettverk (DigiVestland)

Våre svake sider no

Varierende **digital kompetanse** blant tilsette

(fagleg, rettstryggleik, teieplikt, informasjonstryggleik, personvern)

Tid og ressursar i einingane til **digitaliseringsprosjekt og oppfølging** i det daglege

Mindre **kontroll over data** grunna skyløysingar

(Må øva meir kontroll over leverandør for å unngå misbruk av data og innsyn.)

Dokumentasjon/rutinar IKT – t.d. innan helse

Digitaliseringsstrategiar er under arbeid - strategi for IKT-samarbeidet og strategi for skular i Hardanger/Voss Kompetanseregion

Moglegheiter – Eksterne forhold som me ynskjer å utnytta i framtida

Opplæring innan **digital kompetanse** – tilsette, (eldre) innbyggjarar (førebyggja utanforskap)

Fagsystem

- **utnytta** eksisterande
- **færre** og **samordna** fagsystem innan IKT-samarbeidet
- innføra system med god **vinstrealisering**
- system i **skyen**
- **gjebrauka og dela data** m.a. med offentlege verksemder

Analysar, rutinar m.m.:

- **samordna GDPR og DPIA**-vurderingar
- **ROS-analysar**
- **rutinar** og prosedyrar innan IKT-samarbeidet

Ny teknologi

- velferdsteknologi
- IOT-/sensorteknolog innan m.a. vatn og avlaup
- kunstig intelligens som Chat GPT på sikt

Grøn IKT

Automatisera oppgåver innan **administrasjon**

Samarbeid om IKT-utvikling mellom kommunar

Utfordringar – Eksterne forhold/truslar i omgjevnadane i framtida

Auke i **alvorlege digitale angrep** mot norske mynde

Samfunnskritiske system kan òg bli utsett for angrep (t.d. vatn- og avløp, varme, ventilasjon)

Krevjande å følgja opp nasjonale **tryggleiksråd** frå Kommune-CERT (overvakar truslar)

I digitaliseringsprosjekt er det mange utfordringar knytt til **innsyn, informasjonsformidling** mellom part (kommunar - føretak - legekantor m.m.)

Nye krav frå Statsforvaltar og Digitaliseringsdirektoratet - **GDPR, ROS-analysar**, m.m.

Mange digitale løysingar er freistande for tilsette å ta i bruk - fare for brot på GDPR-regelverk

Rekruttering av IKT-spesialistar (generelt i for kommunar)

Aukande **digital utanforskap** – tilsette og innbyggjarar

IKT skal bidra til å løysa **samfunnsutfordringar**:

- **Fleire eldre** gjev auka helse- og omsorgsbehov
- Vedvarande **mangel på personell og kompetanse**
- **Trongare økonomi** krev tøffare prioriteringar

Kostbart å utvikla **infrastruktur** t.d. til perifere bustadar

Digitalisering i ulik fart og med ulik kraft

Kapittel 2 om dekningsstatistikk – mobil og fast breiband

Oppsummert:

God mobildekning i tettbygde strøk, unnateke Hjeltnes-sida gjennom Telia og Ice

God fast breibanddekning i tettbygde strøk planlagt innan 2023 (nkom)

(Nb. Standard = svært god 4g)

Våre sterke sider no

God mobildekning i tettbygde strøk (Telenor)

God mobildekning på Finse og Hallanger (Telenor og Telia)

God fast breibanddekning i tettbygde strøk planlagt innan 2023 (nkom)

Våre svake sider no

Ikkje god mobildekning på Hjeltnes sida (Telia og Ice), men dette er planlagt ordna (tidspunkt ukjent)

(Ice bruker Telia der de ikkje har dekning)

Telia har berre ein sender.


Moglegheiter – Eksterne forhold som me ynskjer å utnytta i framtida

-

Utfordringar – Eksterne forhold/truslar i omgjevnadane i framtida


Berekraftsmål 9.1) Utvikle pålitelig, bærekraftig og solid infrastruktur av høy kvalitet, inkludert regional og grensekryssende infrastruktur, for å støtte økonomisk utvikling og livskvalitet med vekt på overkommelig pris og likeverdig tilgang for alle

Fast breiband




Kjelde: [NKOM Dekningskart Fast Bredbånd](https://dekningskart.nkom.no)

Mobildekning Telenor



Kjelde: [Dekningskart og mobilnett i verdensklasse fra Telenor](https://www.telenor.no/dekning/mobildekningkart)

Mobildekning Telia (inkl. Ice – som brukar Telia der dei ikkje har dekning)



Kjelde: [Dekningskart | Telia](https://www.telia.no/nett/dekning/)